FISKARLAGET VEST

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 05.09.17

Vår ref. 805/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

E-mail

**LINDÅS, REGULERINGSPLAN LANGØY-OSPENESET (AKVAKULTUR).**

Viser til Dykkar brev av 30.06.17, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.
Beklager noko seint svar i denne saka.

**Generelle merknader**
Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, og elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.
I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.
Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.
Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

*Adresse:* Slottsgt. 3 N-5003 BERGEN
*Telefon:* 55 55 39 80 *Telefax:* 55 55 39 88 *e-mail:* vest@fiskarlaget.no
*Bankkto:* 6511.05.05331 *Org.nr:* NO 938 613 109 *Org.nr:* NO 984 152 094 MVA

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

**Langøy - Ospeneset**
I høve høyringsbrevet er «Hovudføremålet med reguleringsplanen (er) å leggje til rette for tilstrekkeleg areal for produksjon av matfisk på lokalitetane Langø y og Ospeneset. Ein ynskjer å gå over til produksjon med plastringanlegg og har difor behov or meir areal for å kunne produsere innanfor dei gitte løyva på høesvis 3120 tonn for Ospeneset og 4680 tonn for Langøy. Det er vidare lagt opp til at areal rundt anlegget skal kunne nyttast til justering av plasseringa for anlegga og mindre endringar i anleggskonfigurasjonen....Lokaliteten som er sett av til akvakultur ved Ådnøy vert teke ut som føremål akvakultur gjennom reguleringsplanen...illustrasjonane viser omfang av fortøyingar frå anlegga og planlagt plassering.»
Det er ikkje søkt om auka biomasse på nokon av lokalitetane. Ein vil peike på at det er viktig at ein ikkje driv ein bit-for-bit-politikk.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytefelt og fiskeområde i fjordsystemet. Det blir òg drive fiske i område som ikkje er registrert på nettsida.

Fiskarlaget Vest er einig med Fiskeridirektoratet region Vest i at ein ikkje bør lage private reguleringsplanar i sjøområda som er ein almenning, og at det vil «gje større «eigarforhold» til lokaliteten» og reguleringsområdet.

Generelt sett er fiskarane i utgangspunktet positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større «lokalitetar», medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Fiskerinæringa er i tillegg heilt avhengig av eit reint hav, mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Når det gjeld utvidingane av oppdrettsområda ved Langøy og Ospeneset syner det at dei planlagde fortøyingane ikkje beslaglegg noko særs større område enn i dag.
På bakgrunn av ovannemnde går ein ikkje i mot utviding av akvakulturområda.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø

Britt Sæle Instebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Hordaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest


FISKERIDIREKTORATET
Hosteland
Rekneset
30196 ÅDNEKVAMME
Dyrøyna
Haugsøyna
11646 SKOLMOSEN
Hols-
øya
11644 DUESUND
Totland
Bogen
Andvika
Raunøyna
Arekletten
Masfjordnes
28295 LANGØY
Masfjorden
Kvamme
Kolåsfjellet
Kvamsfjellet
Mjanger
Fonnebøst
Elvika
Lindås
34657 LABERGET
19655 OSPENESET
Nordkvingo
Vadbu
Sævrås
13699 LEIRVIKA
13482 KVINGE S
Fjellanger
Hodneland
Sørkvingo
Vagseidet
Natås
Skauo
10006 REKEVIK
Hodnakvamme
Lotveit
Einestranda
Trælland
Myking
Skodven
Selifjellet
Vik
11682 NESFOSSEN
Haugen
Øvretveito
Neset
Askeland
Fiskeridirektoratet og ND-porter


#1
Illustrasjon Plankart
Tegnforklaring
Plangrense
Føresegnområde
Akvakultur
Kombinert føremål: Ferdsel/Akvakultur
Friluftsområde
Bruk og vern av sjø og vassdrag
Bandleggingssone
Naturvern
Naturområde
ABO
PLAN & ARKITEKTUR
N
A3 1:20 000


Illustrasjon Langøy
Endring
Tegnforklaring
Plangrense
Eksisterande fortøyingsramme
Ny fortøyingsramme og ny forflåte
Illustrasjon, eksisterande fortøyingsanlegg
Illustrasjon, nytt fortøyingsanlegg
ABO
PLAN & ARKITEKTUR
N
A3 1:10 000


Illustrasjon Ospeneset
Endring
Tegnforklaring
Plangrense
Eksisterande fortøyingsramme
Ny fortøyingsramme og ny forflåte
Eksisterande fortøyingsanlegg
Eksisterande fortøyingsanlegg, ankerfeste
Illustrasjon, nytt fortøyingsanlegg
Illustrasjon, nytt fortøyingsanlegg ankerfeste
Illustrasjon, nytt fortøyingsanlegg förflåte
ABO
PLAN &
ARKITEKTUR
N
A3 1:10 000